



Tre båtar ligg ved Eidsvik akkurat no for reparasjon og service. Og snart kjem Knester-båten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I midten av oktober kjem skroget frå Polen til den største fiskebåt som Eidsvik Skipsbyggeri Uskedalen nokon sinne har bygt. Den havgåande båten skal leverast til reiarlaget Knester AS i Bekkjarvik i Austevoll og blir 71 meter lang.**

- Båten skal vera ferdig til våren, og ein så stor jobb som dette tyder at mellom 85 og 95 får nok å gjera. 53 av dei er våre fast tilsette medan våre samarbeidspartnarar, som får spesialoppdrag på båten, stiller med resten. Det opplyser dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til **uskedalen.no**.

Knester-båten er eit nybygg til 130 millionar. Sjølv om Eidsvik i mange år har spesialisert seg på fiskebåtar, er dette det første fartøyet som bedrifta leverar til ringnotkommunen Austevoll. Eidsvik ser på Knester-kontrakta som eit gjennombrot i det store ringnotmiljøet. Dessutan er det kjekt at kunden er eit reiarlag i nærområdet. Også no har Eidsvik full sysselsetting av sin faste stab, med reparasjon og service på tre båtar.

I mai neste år vil så eit nytt skrog bli taua til Uskedalen frå eit anna norsk verft. Det er ein 65 meter lang trålar som skal leverast til Skottland og her har kontrakta ein verdi på 150 millionar. Det er rekord i den 77 år lange historia til Eidsvik. Den starta i 1929, då Alfred Eidsvik grunnla verftet.

Også Skottland-oppdraget sikra Uskedalen-bedrifta seg i sterk konkurranse med andre verft og som eit resultat av høg kompetanse i bygging og utrusting av slike skip. Eidsvik skal byggja overbygg og styrehus.

Skottland-båten skal leverast i april 2008 og også den gjev store positive ringverknader for lokale firma og leverandørar av norsk utstyr. Eidsvik har også tidlegare hatt store byggjeoppdrag for skotske reiarlag.

Dei to storordrane som bedrifta no har fått tyder mykje for Eidsvik, som har hatt få storkontraktar i dei seinare åra og har vore tvungne til å søkje ut på andre marknader. Dei har halde det gåande med mindre oppdrag og utleige av folk og nokre har og vore permitterte. Men no ser alt ljose ut og det er ein av dei mest positive nyhende Uskedalen kunne fått. Den største produksjonsbedrifta tyder mykje for bygda.

**Av Ola Matti Mathisen**